

Vedtekter for skulefritidsordninga i Vindafjord kommune

Vedtatt i Kommunestyret 24.09.19

§1 EIGARFORHOLD OG SKULEFRITIDSTILBOD

Vindafjord kommune skal gi tilbod om skulefritidsordning (SFO) ved alle barneskulane i kommunen før og etter skuletid dersom det melder seg nok barn. Vindafjord kommune driv SFO etter gjeldande lovverk og kommunen sine vedtekter og retningslinjer.

Opplæringslova § 13-7 inneheld dette om SFO: *Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår...*

Tilbodet er for barn i 1. – 4. årstrinn og for barn med særskilt behov for tilrettelegging i 1. – 7. årstrinn. Rektor kan ta opp elevar i SFO frå 5. – 7. årstrinn som ikkje har særskilte behov dersom det er kapasitet utan å auke bemanninga og tilhøva elles ligg til rette for det.

§2 SØKNAD OM OPPTAK

Søknad om opptak skal gjerast via Elektronisk søkesenter, sjå kommunen si nettside. Skulane og kommunen sitt servicetorg kan gje hjelp til å søkje. Hovudopptak for hausten skjer med søknadsfrist 1. mars dersom ikkje anna blir kunngjort. Det kan og søkjast om plass i SFO gjennom året. Opptak til SFO gjeld til og med 4. årstrinn. (Ein treng ikkje søkje kvart år når ein ønskjer å halde fram med SFO). Dersom ein ønskjer plass i SFO for barn som går i 5. – 7. årstrinn, skal det sendast ny søknad. Dersom eit barn treng særleg tilrettelegging for å vere i SFO (t.d. ekstra utstyr, ekstra tilsett), må foreldre/føresette opplyse om det i søknaden og ev. dokumentere behovet. Dei som ønskjer ekstra tid i SFO utanom dagar i skuleruta, må kvar vår fylle ut eit skjema som syner kva tilbod dei ønskjer for neste skuleår. Den einskilde SFO vil informere nærare om frist m.m. etter hovudopptaket. Rektor saman med den som er leiar for SFO, gjennomfører opptak. Etter forvaltningslova §29 er dette eit enkeltvedtak med rett til å klage på avgjerda innan tre veker.

§3 OPPTAKSKRITERIUM

Så langt råd er skal alle som søkjer, få plass. Dersom det er fleire søkjarar enn SFO har plass til, vert inntaket prioritert slik:

1. Barn med særlege behov for tilrettelegging med uttale frå faginstans (Gjeld 1.- 7. årstrinn).
2. Barn som har eineforsørgjar.
3. Dei yngste barna har prioritet framfor eldre barn.

§4 OPNINGSTID

SFO har som hovudregel opningstid måndag t.o.m. fredag frå kl. 07.00 om morgonen og stengjer kl. 16.30. SFO har normalt ope alle skuledagar, men det må vere minst 5 påmeldte barn før ein kan halda ope. SFO er stengt i skuletida og på skulen sine planleggingsdagar. Der tilhøva ligg til rette for det, kan ein samarbeide med barnehagen om SFO-tilbod om morgonen. Føresette kan i tillegg kjøpe ferie- og fritidspakke eller dagpakkar i samband med ferieavviklinga. Foreldre/føresette oppgir i

søknaden omfang dei søker plass for. Tid der elevane får leksehjelp, skal ikkje reknast med i SFO-tida.

§5 ENDRING AV OPPHALDSTID OG FRIST FOR OPPSEIING AV Plass

Endring av opphaldstid og oppseiing av plass skal skje skriftleg til den enkelte skule. Endringa skal skje inne på elektronisk søkesenter. Foreldre/føresette må som hovudregel betale for 3 månader rekna frå siste dag i oppseiingsmånaden. Det same gjeld når ein søker vesentleg reduksjon i opphaldstid. I særskilde høve (t.d. ved sjukdom eller ikkje planlagt flytting) kan rektor fastsetje kortare oppseiingstid.

§6 FORELDREBETALING OG FAKTURERING

Faste opphaldsalternativ (gjeld alle skuledagar på skuleruta)

Kommunestyret fastset satsar for foreldrebetaling i SFO. Prisen for eitt år vert fordelt på 10 månader. August og juni har halv sats. SFO er stengt i juli (ferieavvikling). Sjå heimesida for gjeldande tilbod.

Dagtilbodet varer frå skuleslutt til 1630. Morgontilbodet varer frå 0700 – skulestart.

Opphald i skuleferien

SFO-tilbod på ferie- og fridagar blir berre gitt for full dag. (0700 – 1630) og berre dersom det er nok påmeldte. Tilbodet kan bli lagt til annan skule enn den vanlege på slike dagar. Ølen og Skjold skular tilbyr ferie-SFO.

Føresette kan velje mellom dei 2 alternative feriepakkane under. Prisen blir fordelt på 10 månader og fakturert saman med den ordinære foreldrebetalinga.

- **Full feriepakke**

August: Frå 2. veka i august til skulestart

Haustferie: 5 dagar

Desember: Frå skuleslutt t.o.m. 23.12. Romjula er stengt.

Vinterferie: 5 dagar SFO er stengd i påskeveka

Juni: Frå skuleslutt og ut juni månad.

- **Dagpakke**

Dei som ikkje ønskjer full feriepakke, kan i løpet fastsett frist om våren velje kva dagar dei ønskjer å bestille i SFO utover grunnpakka neste skuleår. Pris for dagpakke er høgare per dag enn for full feriepakke.

Søskemoderasjon og refusjon

Når fleire søsken er fast innmelde i SFO, vert det betalt full pris for det barnet som har lengst opphaldstid. Barnet som har nest mest tid får 30% søskemoderasjon. Dersom det er fleire enn 2 søsken, får dei 50% rabatt kvar. Rabatten gjeld og på feriepakke. Barn som går over frå barnehage til 1. klasse i august og bestiller feriepakke i SFO, får refundert satsen tilsvarande ei veke av feriepakka i SFO då dei har betalt barnehageplass til 15. august.

Prisendringar

Kommunestyret vedtek til vanleg prisen for opphald i SFO i møte i desember kvart år med verknad frå 1. januar året etter. Kommunestyret kan og gjere vedtak om prisjustering elles gjennom året.

Faktura

Det vert sendt faktura etterskotsvis kvar månad med betalingsfrist på 2 – 3 veker.

Friplass

Friplass eller reduksjon i foreldrebetaling på grunn av familien sin økonomi, vert avgjort etter "Lov om sosiale tenester" etter søknad til NAV.

Oppseiing av plass i året

Frist 3 månader rekna frå siste dato i den månaden du seier opp plassen.

Betaling ved stort sjukefråvere

Ved fråvere som er vesentleg større enn vanleg, kan føresette søke reduksjon i foreldrebetalinga for delar av fråveret når det er ein følgje av sjukdom eller skade, funksjonshemming, behandlings- eller utgreiingsopphald på sjukehus eller liknande institusjon. Saman med søknaden må det følgje dokumentasjon av årsak til fråveret.

Misleghald av faktura

Manglande betaling kan føre til at barnet mister plassen i SFO.

Hente for seint

Dersom barnet ikkje blir henta innan fastsett stengjetid i SFO, vil det bli fakturert eit gebyr.

Ikkje fritak p.g.a. spesialundervisning

Spesialundervisning etter opplæringslova §5-1 vert ikkje lagt til SFO-tida.

Fritak/reduksjon på medisinsk grunnlag

Dette kan bli gitt i heilt spesielle høve når barnet har kronisk sjukdom eller omfattande funksjonshemming og lege eller anna faginstans har gjeve skriftleg tilråding om at barnet bør gå i SFO. Ei heilskapsvurdering av samla støttetiltak og andre tilhøve vert lagt til grunn når søknad vert vurdert.

§7 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Areal, både ute og inne, skal vera eigna for formålet, jf. Opplæringslova § 13-7. SFO kan nytte den einskilde skule sine klasserom, opphaldsrom, ute- og nærrområde. Rektor avgjer kva rom som skal nyttast.

§ 8 LEIING OG BEMANNING

Rektor er pedagogisk og administrativ leiari for skulen si skulefritidsordning. Ein av dei tilsette har ansvaret for den daglege verksemda i SFO. Som hovudregel vert SFO bemanna med 1 vaksen person (fagarbeidar/assistent) per 15 barn på gruppa.

§ 9 GENERELT**Om måltid**

Dersom det kan leggest til rette for, og foreldregruppa ønskjer det, kan det avtalast at barna får eit måltid i SFO. Føresette betalar sjølvkost som vert fakturert saman med den faste betalinga kvar månad.

Om skyss

Skyss frå SFO er foreldra sitt ansvar. For barn i SFO som er funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke, gjeld Opplæringslova §7-3, 2. ledd:

Elevar som har plass i skulefritidsordninga, jf. opplæringslova § 13-7, og som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå

skulefritidsordninga. Retten omfattar ikkje skyss i skoleferiane. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og skulefritidsordninga.

Om forsikring

Barna er ulukkesforsikra gjennom kommunen si ordning den tida dei er i SFO.

Om desse vedtektene

Vedtektene blir vedteke av kommunestyret. Siste utgåve blir lagt ut på kommunen si heimeside. Føresette kan få papirutgåve ved å vende seg til skulen.